

# NETTLEIGEPRISAR NÆRINGSKUNDAR

## Gjeldande frå 01.01.2022

Pris på nettleigeprodukt for mindre og større næring

Kundegruppe	Fastledd (kr/år)	Energiledd (øre/kWh)		Effektledd (kr/kW/mnd)	
		Sommar	Vinter	Sommar	Vinter
Hovudsikring ≤ 80 Ampere	2 800	19,00	19,00		
Hovudsikring > 80 Ampere	4 800	19,00	19,00		
Årsforbruk > 100 000 kWh	8 800	4,20	6,70	24	55
Høgspentanlegg	20 800	3,60	6,10	24	55
Fleksibelt forbruk lågspent	8 800	4,20	6,70	9	20
Fleksibelt forbruk høgspent	20 800	3,60	6,10	13	29

Statleg påslag til Enova på 800 kr/år er inkl. i fastledd. I tillegg kjem statleg elavgift på 8,91 øre/kWh januar-mars og 15,41 øre/kWh april-desember (atterhald om justeringar). Alle prisar eks. mva.

### Effektavrekning

Anlegg med årsforbruk over 100 000 kWh vert avrekna med effektledd. Vi har lågare pris på effekt- og energiledd om sommaren. Avrekningsgrunnlag for effektleddet er høgste timeforbruk på dagtid i vekedagane (høglasttid) i løpet av ein kalendermånad. Det kallar vi månadsmaks.

- Sommar : 1. april – 31. oktober
- Høglasttid : måndag – fredag kl. 06:00 – 22:59

### Fleksibelt forbruk

Redusert nettleige mot at anlegget kan koplast frå straumen ved behov. Inga øvre grense for kor lenge straumen kan vere fråkopla. Gjeld etter nærare avtale med kunde. Anlegg må vere over 250 kW installert ytelse og ha utstyr for fjernutkopling.

### Reaktivt forbruk

Pris for reaktivt forbruk på 12 øre/kVArh eks. mva. slår inn dersom reaktivt forbruk kjem over 50 % av aktivt forbruk ( $\tan \phi \geq 0,5$ ).

### Leveringsplikt

Nettkundar utan avtale om kraftleveranse frå ein ordinær kraftleverandør får kraft levert av sitt lokale nettselskap. Denne ordninga vert kalla leveringsplikt, og er berre rekna som ei mellombels ordning til du har skaffa deg ein kraftleverandør. Kraft frå leveringsplikt er difor dyrare enn frå ordinære kraftleverandørar. Pris inkl. påslag elsertifikat.

- Første 6 veker: Nord Pool Spotpris + 5 øre/kWh (eks. mva)
- Etter 6 veker: Nord Pool Spotpris + 8 øre/kWh (eks. mva)

### Tenester og gebyr

Stengegebyr er knytt til adresse, dvs. at eigar av fleire anlegg på same adresse får berre eitt gebyr.

- Stenging med montør: kr 1 800 eks. mva
  - Opning utanfor ordinær arbeidstid: kr 1 800 eks. mva
  - Oppmøte utan gjennomført stenging: kr 800 eks. mva
- Fjernstenging: kr 800 eks. mva
- Avlesingsgebyr målar utan kommunikasjon: kr 1 500 eks. mva
- Deaktivere kommunikasjon på montert målar: kr 1 400 eks. mva
- Målarkontroll hos kunde: kr 1 800 eks. mva
- Målarkontroll i laboratorium: kr 4 000 eks. mva
- Anleggskasse (pris per oppsetting/nedtaking): kr 1 800 eks. mva